



UTSTILLINGSVINDAUGA

for kvinner i lokalpolitikken

Haugesund- tur for engasjerte og entusiastiske jenter

Haugesund/Karmøy var samlingstad for årets prosjektsamling for: Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken. Alle de 22 "utstillingskommunane" møtte. Frå vårt prosjekt: Kommunane Lom, Sel og Dovre som saman stilte med 12 entusiastiske og engasjerte jenter.

Alt låg til rette for ei ny flott samling i KRDs regi, og vi blei ikkje skuffa. Tirsdag kveld den 5. mai var det omvisning og foredrag om Vikingegarden, Norges fyrste kongsgard på Avaldsnes. Ei fin oppleving med vikingedrikke og mat. Eg fekk den æra og takka for maten og framførte den i poesiform.

Onsdag 6. mai var vi samla i eit flott auditorium på Rica Maritim Hotell Haugesund. Der vanka det gode velkomstord ved ordfører Kjell Arvid Svendsen, Karmøy kommune.

Opninga var ved ingen ringare enn vår populære kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa. Ho var veldig klar på at stortinget har store forhåpningar til dette prosjektet, og ho oppfordra til at kvinnelege politikere MÅ verte meir synlege i lokalpressa. Det er ei barriere som må brytes, ein må verte vant til å sjå seg sjølv på trykk og at det brukes bilder ein slettes ikkje er fornøgd med.

Dei lokale mediene er på mange måter utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken, og eg oppfordrer redaktører og journalister til og vera meir bevisste på kven dei intervjuer, avslutta ho med. Magnhild fekk ei T-skjorte med logoen på fra oss i Lom, Sel og Dovre, noko ho satte stor pris på.

Prof. Drude Dahlerup, universitetet i Stockholm, hadde eit engasjert innlegg om: Er potensialet for kvinnerepresentasjon uttømt i lokalpolitikken i Norden? Ho pekte på at Norge har ca. 11000 kommunepolitikere av desse er ca. 38 % kvinner. Kvifor er det så vanskeleg å få inn desse 1000 som mangler??

Forsker Jacob Aars fra Rokkansenteret i Bergen viste til kvinnerepresentasjon i styrer råd og utvalg i dei 22 prosjektkommunane.

Varaordfører i Steinkjer kommune Aud Gaundal og styringsgruppeleiar Aase Simonsen Karmøy kommune fortalde om arbeidet som hittil er gjort i deira prosjektkommuner. Mykje kreativt og inntresant engasjement er å finna ute i prosjekta.

Førsteamanuensis Toril Aalberg, NTNU, hadde som interessant tema: Utviklinga av politisk kommunikasjon i Noreg. Mediane sine ulike roller og konsekvenser for politiske parti og politikarar.

Medieforskar Eirin Elvestad ved Høgskulen i Vestfold, presenterte sin rapport: "Lokalmedier, lokaldemokrati- og kjønnslikestilling i en ny tid, en kunnskapsstatus om lokale mediars rolle for lokaldemokratiet i et kjønnsperspektiv". Elvestad trur at synlegjering i media kan bidra til at fleire kvinner stemmes inn i kommunestyrene.

Alle vi 12 nordalsjentene som var på samlinga syntes vi fekk god "fagleg påfyll" samt at det kulturelle og ikkje minst det sosiale var heilt topp.

Vi gler oss til neste samling, kanskje ho vert i norddalen, spela inn nokre tankar om det til vår supre sjef og koordinator Anne-Karin Ødegård.

Takk for ein herleg tur jenter! Else



UTSTILLINGSVINDAUGA for kvinner i lokalpolitikken

Takk for maten.

Vikingegarden, Karmøy 5 mai 09

Oss møtte Karmøy og Haugesund i sumarleg vind-regn-yr, det gledde vårt sinn.

Fra Nasjonalparkriket med høge tindar og fjell og hit-til Haugalandet-her oljen gjeld.

Eit landskap så venleg, fruktbart og ekte ikkje rart at vikingane hit vest rekte.

Bondens sitt kulturlandskap, åker og eng tulipaner i blomst i kvar rundkjøyrings-seng.

Ojlebasert næring, steinkyrkje og sjø her har Haugaland folket gjort arbeid for brød.

Haugesund by-er litt av ei perle og gå rundt idag var berre herleg: Husflid, barneklær-bøker og antikkk her fekk mange av oss eit skikkeleg kikk! Også rosa rådhus-midt i blinken for oss jenter det berre står der og på den rosa adelen venter!

Kva gjer vi med det? Jau, i nettverk er oss sterke Alle som er her vil mot 2011 gå til verke ydmyke, sterke-samfunnsengasjerte som få det er damenes tur, og den går vi nå! Inn i nominasjonskomiteane-som sjølvskreven leder ved neste korsveg-vi hauster anerkjenning og heder.

Med Statsråd Magnhild ved roret i brottsjø og stille skal jentene "våre" tørre og ville.

Takk for eit fantastisk måltid på Vikingegard -for ein arv-for ei historie døkk har!

Til Karmøy-Strand og Hå sine kvinner denne middagen var ein sikker vinner!

-Vi gler oss til ein flott dag i morgon-i kunnskapens tegn her i vakre Haugesund-i mai-sol-regn.

Else Hole Ulekleiv

Jentegjengen frå Lom, Sel og Dovre

